

Eksamen

22.05.2019

FOT3002 Kommunikasjon og samhandling

Programområde: Fotterapi vg3

Nynorsk

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timar.
Hjelpemiddel	Alle hjelpemiddel er tillatne, unntatt ope Internett, samskriving, chat og andre moglegheiter for å kunne utveksle informasjon med andre.
Bruk av kjelder	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal du alltid føre dei på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Informasjon om vurderinga	<p>Du skal kunne</p> <ul style="list-style-type: none">• drøfte etiske problemstillingar i faget• berekne pris på tenester• kommunisere og samarbeide med pasienten for å oppnå behandlingsmålet og kunne kommunisere med anna helsepersonell om fothelse på ein profesjonell måte• ha sjølvinnsikt med tanke på korleis du påverkar arbeidsmiljøet ditt• forstå kor viktig profesjon og estetikk er ved sal av avlastingar• forstå kor viktig god kommunikasjon er i ein konfliktsituasjon <p>Dersom du bruker mykje klipp og lim frå andre sine tekstar, kan du få lågare karakter fordi det da er vanskeleg å vurdere kva kompetanse du har.</p>
Andre opplysningar	Du skal svare på alle oppgåvene.

Oppgave 1

Du er tilsett som fotterapeut i eit diabetesteam på eit nytt, flott sjukehus. Teamet du skal jobbe i, er rett nok ikkje så nytt. Her er det fleire eldre som har vore i stillinga si i mange år.

Legen i teamet er av den gamle skolen. Han er streng og myndig. Han gir ordrar og er ikkje så oppteken av å diskutere med deg, som berre er ein fotterapeut, eller fotpleiar, som han kallar deg. Dette finn du deg ikkje i. Du veit sjølv kva du kan bidra med når det gjeld fothelsa til pasientane og behandlinga av problema deira.

For å gjere noko med arbeidsmiljøet ditt kallar du legen inn til eit samarbeidsmøte. Dette er nokre av argumenta han kjem med i møtet:

«Mi erfaring med fotpleiarar, eller fotterapeutar, som de ønsker å kalle dykk, er berre negativ. Eg forstår ikkje kvifor ein treng å gå på skole for å lære å klippe negler og fjerne litt hard hud. De limer på litt filt av og til, og så er de mest opptekne av å selje fotkremar i alle variantar.»

- a) Gjer greie for kva du vil legge vekt på når du kommuniserer med denne legen.
- b) Drøft korleis ein situasjon som denne kan oppstå, og korleis det kunne vore unngått. Vurder kva du som nyutdanna kan bidra med for at fotterapeutar kan bli kvitt stempelet som useriøse.
- c) Grunngi kor viktig det er å bruke riktig fagterminologi, for eksempel fotterapeut eller fotpleiar, salong eller klinikk.

Oppgave 2

Du arbeider som fotterapeut i ein klinikk der de er tre tilsette. De har spesialisert dykk på ulike ting og samarbeider godt ved at de viser pasientane til kvarandre. Ditt spesialfelt er avlastingar.

- a) Gjer greie for korleis du vil gå fram for å kunne vite kva du skal ta betalt for
 - eit par grunnsolar
 - ei treledda silikonavlasting
 - ein bøyel til ein unguis incarnatus
- b) Vurder korleis du kan bidra til eit godt samarbeid i klinikken.
- c) Belys korleis du kan motivere pasientane til å bruke og følge opp avlastingane dine.
- d) Gjer greie for kva estetikken har å seie i eit slikt arbeid.

Bokmål

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timer.
Hjelpemidler	Alle hjelpemidler er tillatt, unntatt åpent Internett, samskriving, chat og andre muligheter for å kunne utveksle informasjon med andre.
Bruk av kilder	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Informasjon om vurderingen	<p>Du skal kunne</p> <ul style="list-style-type: none">• drøfte etiske problemstillinger i faget• beregne pris på tjenester• kommunisere og samarbeide med pasienten for å oppnå behandlingsmålet og kunne kommunisere med annet helsepersonell om fothelse på en profesjonell måte• ha selvinnsikt med tanke på hvordan du påvirker arbeidsmiljøet ditt• forstå betydningen av profesjon og estetikk ved salg av avlastninger• forstå betydningen av god kommunikasjon i en konfliktsituasjon <p>Hvis du bruker mye klipp og lim fra andres tekster, kan du få lavere karakter fordi det da er vanskelig å vurdere hvilken kompetanse du har.</p>
Andre opplysninger	Du skal besvare alle oppgavene.

Oppgave 1

Du er tilsatt som foterapeut i et diabetesteam på et nytt, flott sykehus. Teamet du skal jobbe i, er riktignok ikke så nytt. Her er det flere eldre som har vært i stillingen sin i mange år.

Legen i teamet er av den gamle skolen. Han er streng og myndig. Han gir ordrer og er ikke så opptatt av å diskutere med deg, som bare er en foterapeut, eller fotpleier, som han kaller deg. Dette finner du deg ikke i. Du vet selv hva du kan bidra med når det gjelder pasientenes fothelse og behandlingen av problemene deres.

For å gjøre noe med arbeidsmiljøet ditt innkaller du legen til et samarbeidsmøte. Dette er noen av argumentene han kommer med i møtet:

«Min erfaring med fotpleiere, eller foterapeuter, som dere ønsker å kalle dere, er bare negativ. Jeg forstår ikke hvorfor man trenger å gå på skole for å lære å klippe negler og fjerne litt hard hud. Dere limer på litt filt av og til, og så er dere mest opptatt av å selge fotkremer i alle varianter.»

- a) Gjør rede for hva du vil legge vekt på når du kommuniserer med denne legen.
- b) Drøft hvordan en situasjon som denne kan oppstå, og hvordan det kunne vært unngått. Vurder hva du som nyutdannet kan bidra med for at foterapeuter kan bli kvitt stemplet som useriøse.
- c) Begrunn betydningen av å bruke riktig fagterminologi, for eksempel foterapeut eller fotpleier, salong eller klinikk.

Oppgave 2

Du arbeider som foterapeut i en klinikk hvor dere er tre ansatte. Dere har spesialisert dere på ulike ting og samarbeider godt ved at dere henviser pasientene til hverandre. Ditt spesialfelt er avlastninger.

- a) Gjør rede for hvordan du vil gå fram for å kunne vite hva du skal ta betalt for
 - et par grunnsåler
 - en treleddet silikonavlastning
 - en bøyle til en unguis incarnatus
- b) Vurder hvordan du kan bidra til et godt samarbeid i klinikken.
- c) Belys hvordan du kan motivere pasientene til å bruke og følge opp avlastningene dine.
- d) Gjør rede for betydningen av estetikken i et slikt arbeid.



www.vigoiks.no/eksamen